

Skriv eit eventyr som du skal lese for ein 2. klassing (presentasjonstekst)

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første soraaket
r609				

Mikke Mus i fare.

Det var ein gong Trine, Line og Stine Skog såg ein stor plakat på kjøpesenteret. På den stod det: Mikke Mus blir heldt til fange av Pusur. Og den som reddar han skal få halve klubbhuset! Og på bilde var det eit hesleg bur med Mikke Mus inni. -Detta skal vi klare Line! Sa Trine. -Men, eg vil vere med. Sa Stine. - Nei du er altfor liten og svak. Sa søstrene. - Men eg skal vere med! Sa Stine. - Greitt då, men du kjem aldri til å klare det.

Etter masse pakking la dei ut på tur. Dei hadde kome nett utom døra då dei møtte Donald. - Hei, veit du veien til Pusur sitt hus? Sa Stine. - Ja. Sa han og forklarte heile vegen. Så då dei skulle gå sa han; - Pass dokke for Svarte Petter han gjer dokke oppgåve som er nesten umulige og løyse. -Oki, det skal vi prøve på. Sa Stine.

Dei gjekk eit godt stykke heilt til dei kom til ein sjø.- Vi må jo ha mat, kva med at vi fiska litt? Sa Stine. Trine og Line grubla litt so fant dei ut at det faktisk var ein god ide. Line fekk ein fisk, det fekk Trine og. Men Stine fekk to fisker ho åt den eine og den andre tok ho i lomma. Etter å ha fått litt søvn gjekk dei vidare. Dei gjekk og gjekk heilt til dei såg huset til Pusur, men då stod plutseleg Svarte Petter rett framfor dei! Han hadde mista gullringen sin. - Dokke kan få slippe forbi visst dokke finne gullringen min. Sa han.

Skriv eit eventyr som du skal lese for ein 2. klassing

Skule:	Trinn:	Elevnummer	tema (skriv inn tema)
r 609		2	tema (skriv inn tema)

Dei lette og lette i tre heile daga. Så så Stine noko som glinsa i graset, det var jo gullringen for pokker! Ho ropte på søstrene sine og sa. – Eg fant den! – Flax! Sa søstrene i kor. Dei gjekk bort til Svarte Petter med ringen. -Då får dokke no sleppe dei forbi då. Sa Svarte Petter. Trine var først ut til og prøve og redde Mikke Mus, sidan ho var eldst. Ho sloss og sloss men, etter ei lita stund blei ho kasta ut med sår over heile kroppen. Så var det Line sin tur, ho blei og etter ei stund kasta ut med sår over heile kroppen ho og.

Og no var det endeleg Stine sin tur. Ho hadde ein plan! Ho gjekk forsiktig inn drog fisken opp av lomma og kasta den langt, langt vekk. Og Pusur sprang etter, menst han sprang slapp Stine Mikke Mus ut av det heslige buret. Då dei to søstrene såg det fekk dei heilt sjokk. Stine snudde seg mot dei og geipte. Og så gjekk ho og Mikke Mus bort til klubbhuset. Stine forelska seg i Mikke Mus, ho skifta namn til Minni Mus også levde dei lykkeleg i alle sine dagar. Snipp snapp snute så var det eventyret ute.